

FAKTA

## Tilsynsaksjon hos aktivitetsparkar



Direktoratet for  
samfunnstryggleik  
og beredskap



Colorbox.com

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) gjennomførte i 2022/2023 ein tilsynsaksjon for å undersøke tryggleiken hos trampolineparkar og leikeland. DSB valde aktivitetsparkar fordi det har vore ein auke i talet på meldingar om ulukker og uønskte tilhøve ved slike anlegg dei siste åra, og fordi barn er ei særleg sårbar gruppe som ikkje kan vurdere risiko på same måte som vaksne. DSB plukka ut 9 aktivitetsparkar for tilsynsaksjonen, basert på informasjon frå politiet, bekymringsmeldingar om farlege tilhøve, og medieomtale av ulukker. Målet var å styrke tryggleiken hos aktivitetsparkar over heile landet, og å gi forbrukarane meir kunnskap om tryggleiken ved aktivitetar i slike parkar.

---

## OM TILSYNET

### KVIFOR GJENNOMFØRER DSB TILSYN?

DSB er tilsynsmakt for forbrukartenesta aktivitetsparkar. DSB gjennomførte tilsynsaksjonen for å kontrollere at verksemdene følgjer regelverket, og for å auke tryggleiken hos slike parkar. Den primære hensikta med tilsynet er å tydeleggjere ansvaret som eigaren av parken har.

### KVA ER EIT TILSYN?

For DSB er tilsyn eit av dei viktigaste førebyggjande verkemidla ein har for å sikre at regelverket blir følgt, og på den måten styrkje samfunnstryggleiken og hindre ulukker. Ved tilsyn på staden vil ansvarleg myndigheit vitje verksemda, intervju leiar og tilsette, og gå gjennom relevant dokumentasjon og rutinar. Som del av tilsynet kan DSB også gjennomføre ein marknadskontroll av enkeltprodukt. Dette for å kontrollere at produkta er trygge i bruk. Dersom det blir oppdaga brot på regelverket, vil DSB følgje opp med føremålstenlege reaksjonsmiddel for å førebyggje uønskte hendingar og ulukker.

### KORLEIS TILSYNET BLEI GJENNOMFØRT

Aktivitetsparkane fekk eit varsel i forkant om at DSB ville kome på tilsyn. Dei blei bedne om å sende delar av internkontrollsystemet sitt til DSB. I tillegg fekk dei beskjed om å sende teknisk dokumentasjon på utstyr og leikeapparat som blir nytta i aktivitetsparken. Sjølve tilsynet blei gjennomført på éin dag, med intervju av eigarar og tilsette med utgangspunkt i internkontrollen.

### DSB GJENNOMFØRTE 9 TILSYN

Hovudfokus for tilsynsaksjonen hos aktivitetsparkar var kommersielle, innandørs leike- og trampolineland som tilbyr leikeplassutstyr og trampolineaktivitetar. DSB undersøkte også klatreaktivetatar i nokre av parkane. Det blei gjennomført 9 tilsyn på følgjande stader:

- Eventyrabrikken, Sarpsborg
- Leos Lekeland, Bærum
- Eventyrabrikken, Vestby
- Amigos, Tønsberg
- Skyland, Arendal
- Gravity Sports, Tønsberg
- Rush, Oslo
- Sportsparken Vegsund, Ålesund
- Trix Trampolinepark, Bodø

## KVA VI FANN

1

### 3 AV 9 KJENDE IKKJE TIL MELDEPLIKTA

Ein tredel av aktivitetsparkane kjende ikkje til meldeplikta til DSB, og hadde ikkje meldt frå til DSB ved alvorlege hendingar. Meldeplikta er ei plikt som eigarar av aktivitetssenter har etter produktkontrollova § 6b, og som inneber at desse må melde frå til DSB dersom det har skjedd noko alvorleg (t.d. ved ei alvorleg ulukke eller feil på utstyret). Som del av meldeplikta må eigarane òg oppgi tiltak for å unngå nye ulukker.

2

### 2 AV 9 HADDE AVVIK KNYTT TIL OPPGÅVE- OG ANSVARFORDELING

Aktivitetsparkane skal ha klare oppgåve- og ansvarsfordelingar. I tilsynsaksjonen frå DSB blei det funne fleire feil og manglar på dette området. Hos 2 av 9 aktivitetsparkar oppfylte ikkje rammene for ansvar og oppgåverkrava i regelverket, og det mangla dokumentasjon for kven som har ansvar for kva i verksemda. Utan ei klar oppgåve- og ansvarsfordeling er det fare for at lovpålagde oppgåver knytt til tryggleik ikkje blir gjennomførte.

3

### 8 AV 9 MANGLA HEILSKAPLEGE RISIKOVURDERINGAR AV AKTIVITETANE

Eigarane pliktar å kartleggje og vurdere risiko for å verne om tryggleiken til dei som skal bruke parken. Heile 8 av 9 aktivitetsparkar hadde feil og manglar når det gjaldt utføring av risikovurderingar for å unngå skadar og ulukker. Det å gjennomføre ei risikovurdering inneber å vurdere farar som kan vere til stades i ei verksemd og i den enkelte aktivitet, og sjå på kva tiltak som må setjast i verk for å redusere risikoen til eit akseptabelt nivå.

Aktivitetsparkane kunne i liten grad dokumentere at dei hadde utført nødvendige risikovurderingar. Dette avviket betyr at mange aktivitetsparkar ikkje tek tryggleiken på alvor, og at det er stor risiko for skadar eller ulukker.

4

## 5 AV 9 MANGLA RUTINAR FOR ETTERSYN OG VEDLIKEHALD

**Aktivitetsparkane skal ha system og rutinar som skal bidra til å hindre at det skjer ulukker. På dette området avdekte tilsynet feil og manglar hos over halvparten av parkane.**

Vi fann fleire tilfelle der aktivitetsparkane anten mangla eller hadde mangelfulle vurderingar av dei ulike risikoane og risikoførebyggjande tiltak. Både risikovurderingane og tiltaka skal vere skriftleg dokumenterte, og utgjer ein særskild viktig del av eit internkontrollsystem.

Fleire av aktivitetsparkane mangla dokumentasjon på at dei held ved like utstyr og produkt i tråd med åtvaringane og vedlikehaldsinstruksane som følgjer med utstyret/produkta. Produkta som blir nytta i parken, har åtvaringar og informasjon om ettersyn og vedlikehald. Dette er informasjon som er avgjerande for å sikre trygg og påliteleg drift av aktivitetsparken. Det er viktig at eigar av produkta innlemmar denne informasjonen i eige internkontrollsystem.

I ein aktivitetspark med mange ulike aktivitetar og produkt er rutinar for vedlikehald viktig for å kunne oppretthalde tryggleiken over tid. Parkane er lovpålagde å gå gjennom systema sine for å forhindre ulukker, og for å sikre at besøkande kan gjennomføre aktivitetane på ein trygg måte.

5

## 2 AV 9 MANGLA EIT SYSTEM FOR JAMLEG GJENNOMGANG AV INTERNKONTROLLSYSTEMET


**Tilsynet avdekte fleire feil og manglar knytt til kravet om jamleg overvaking og gjennomgang av internkontrollen skriftleg og systematisk. Det at fleire av aktivitetsparkane hadde avvik på dette punktet gir grunn til uro.**

Ein jamleg og systematisk gjennomgang av internkontrollen er viktig for å oppdage eventuelle manglar eller feil som må rettast opp, og for å forhindre at uhell og ulukker som burde og kunne ha blitt oppdaga, skjer igjen. Ifølgje interkontrollforskrifta § 5 er dette eit krav som må oppfyllest, og feil på dette området vil seie at ein ikkje oppfyller krava i regelverket.

## OPPSUMMERING AV TILSYNSAKSJONEN

Tilsynsaksjonen avdekte fleire alvorlege avvik som DSB meiner kunne ha ført til farlege situasjonar for besøkande. Avvika bestod av manglande kunnskap om plikta til å melde frå om alvorlege hendingar, manglande rutinar knytt til fordeling av ansvar og oppgåver, manglande dokumentasjon av risikovurderingar, mangelfulle rutinar på risikoreduserande tiltak (derimellom ettersyn og vedlikehald) og manglande system for jamleg gjennomgang av internkontrollsystemet. Under tilsynet av den eine verksemda blei det avdekt så alvorlege og omfattande avvik at det blei nødvendig å fatte eit vedtak om forbod mot bruk av produkta, for å beskytte besøkande mot moglege alvorlege skader.

DSB har hatt ein skriftleg og munnleg dialog med dei 9 aktivitetsparkane det blei ført tilsyn med, både i for- og etterkant av tilsynet. Medan nokre av avvika var særskild alvorlege, var andre enklare å rette opp i. Alle aktivitetsparkane har retta opp i feila og manglane som blei avdekte under tilsynsaksjonen, og har sannsynlegvis heva kompetansen sin innanfor regelverket dei er lovpålagde å følgje. Som del av tilsynsaksjonen vil dette faktaarket bli sendt ut til aktivitetsparkar og kommunar over heile landet, slik at fleire forhåpentlegvis kan få eit kompetanseløft.



---

# REFLEKSJONAR OG OPPFORDRINGAR

**Det er viktig at aktivitetsparkane tek internkontrollen på alvor**, og utarbeider klare ansvarsfordelingar, dokumenterer risikovurderingar og har rutinar på risikoreduserande tiltak for å sikre trygge opplevingar for alle brukarar.

**Aktivitetsparkane bør ha klare reglar og rutinar** med utgangspunkt i utstyret dei nyttar. Reglar og rutinar bør ikkje vere baserte på reglane og løysingane hos andre parkar.

**Aktivitetsparkar bør vere medvitne om faktorar som kan påverke tryggleiken.**

Dette kan til dømes vere besøkstal, alder på dei besøkande, kor mange tilsette som er på jobb, og reglane i parken.

**Eit viktig risikoreduserande tiltak er å gi besøkande god informasjon og opplæring** i aktiviteten som skal gjennomførast.

**Aktivitetsparkane må ta utgangspunkt i produktinformasjonen når dei lagar eit system for internkontroll.**

Produktinformasjonen gir rammer og løysingar for kor og korleis ein bør montere, plassere, bruke og halde ved like utstyr i aktivitetsparkar. I produktinformasjonen blir det også opplyst korleis det enkelte utstyr kan nyttast på ein tryggast mogleg måte.

**Aktivitetsparkane må ha gode, skriftlege rutinar på risikoreduserande tiltak.** Døme på slike tiltak kan vere å sikre at utstyret er i god stand, at det er tilstrekkeleg bemanning i parken, og at det finst klare reglar og åtvaringar for brukarane.

**Eigar kan ikkje fråskrive seg ansvaret for tryggleiken til utstyr og tenester.** Eit barn kan ikkje sjølv ta ansvar for eigen tryggleik. Aktivitetsparken må ha tydelege reglar for dei ulike aktivitetane, og informere godt om desse.

**Aktivitetsparken skal aktivt opplyse om reglane, og om det bør vere vaksne saman med barna.** I tilfelle der vaksne ikkje har tilgang eller løyve til å bli med barna i dei enkelte aktivitetane, skal parken sjølv sørge for at det er personale til stades som varetek tryggleiken og grip inn ved behov.

---

# KVA REGLAR GJELD?

## OVERSIKT OVER REGELVERK

Det å tilby barn lek i aktivitetsparkar er rekna som forbrukarteneste. Dei ansvarlege for aktivitetsparkane pliktar å følgje krav og reglar, slik at tryggleiken til alle involverte blir vareteken. Verksemdene skal kjenne til og følgje forskrifta for leikeplassutstyr, produktkontrolllova og internkontrollforskrifta. Dersom nokon av aktivitetane krev bruk av verneutstyr som til dømes hjelm eller klatresele, må verksemdene også kjenne til og følgje forskrifta for personleg verneutstyr.

Produktkontrolllova slår fast at alle produkt og tenester som blir tilbodne til forbrukarar, skal vere sikre. Ei sikker forbrukarteneste er ei teneste som ikkje medfører uakseptabel risiko for helseskade. Eigar pliktar å vise aktsemd for å sikre at forbrukartenesta er trygg. Den som nyttar tenesta, skal også vise aktsemd, mellom anna ved å følgje reglane.

## REGELVERK FOR LEIKEPLASSUTSTYR

Aktivitetsparkane tilbyr gjerne aktivitetar ved å bruke produkta i parken. Også desse produkta er omfatta av regelverk. Produktet kan til dømes vere leikeplassutstyr, og leikeplassutstyr skal innfri krava i forskrifta for leikeplassutstyr.

Ein måte å oppfylle krava i ei forskrift på er å oppfylle krav i anerkjende standardar. Standardar spesifiserer og detaljerer krav til tryggleik, og kan gjere det enklare å oppfylle krav i forskrifter. Anerkjende standardar for leikeplassutstyr er NS-EN 1176 og NS-EN 1177.

## REGELVERK FOR INTERNKONTROLL

Alle verksemdar som tilbyr produkt eller forbrukartenester i Noreg, skal ha eit system for internkontroll. Eit internkontrollsystem er systematisk arbeid med helse, miljø og tryggleik for å sjå til at aktivitetane er trygge. Krava til kva eit slikt system skal innehalde står i internkontrollforskrifta.